

Mineralfunna i indre bygder vekkjer framleis internasjonal interesse:

Geologar frå heile verda kom til Iveland



Geologisk avdeling ved Universitetet i Oslo arrangerte nyleg symposie på Universitetet i Agder med meir enn seksti geologar og fagfolk frå 18 land på plass. Dei ville meir enn gjer- ne på ekskursjon til Iveland. Her er dei fotograferte framfor den flotte fjellskjeringa som kommunen har fått laga på Birketveit, kvite pegmatittgangar som kryssar svart amfibolitt.

Iveland og Evje er framleis sentrale omgrep når geologiinteresserte rundt om i verda samlast. Nyleg vart det halde internasjonal geologikonferanse på Sørlandet med eit kobbel av studantar frå heile verda. Det var til Iveland dei ville.

Av Sigurd Haugsgjerd

Geologisk avdeling ved Universitetet i Oslo arrangerte symposiet på Universitetet i Agder med meir enn

60 geologar og fagfolk frå 18 land på plass. Det var to dagar med tunge og vanskelege foredrag om pegmatittane der Evje og Iveland har hatt blant dei beste i verda.

I tillegg til all praten var det praktisk synfaring til dette eventyret av eit mineralrike. Deltakarane besøkte gruvene i Steli og Solås, velkjende blant samlarar på grunn av sjeldne mineral. Med plansjar og studier i gruveveggen fekk deltakarane innføring i korleis pegmatitten vart til.

Ivelandsveggen

Ekskursjonen førte geologane også til Ivelandsveggen. Her har kommunen skore eit snitt av fjellveggen, slik at ein tydeleg kan sjå kvite pegmatittgangar som kryssar svart amfibolitt. Engelskmannen Ben Snook skreiv doktorgradsavhandling om geologien i Evje-Iveland og slo fast korleis pegmatittane i dette området vart danna. Konklusjonane hans har fått mykje å seie også for pegmatittar andre stader i verda.

Gruppa var også innom mineralutstillinga i Åkle. Det vekte begeistring. Iveland kommune ved Kjell

Gunnufsen har i ein 45-årsperiode bygd opp ei samling i verdsklasse. Utstillinga viser mange av dei aller beste minerala som nokon gong er funne i Evje-Iveland.

Sjølve utstillinga blei laga i samarbeid med Setesdalsmuseet ved Ronald Werner, og fekk ros for eit svært vakkert design.

Geologane besøkte også Hovåsen, Li og Landsverk 1-gruva. Li gruva er den største. Der blei det laga til koseleg grillfest under besøket.

For 800 millionar år sidan

Li-pegmatitten viser vakre strukturar. Deltakarane hadde det difor travelt med å studere alle detaljane.

Landsverk 1-gruva er verdskjend for uvanleg mykje kvartskrystallar og vakker grøn amazonitt. Krystallane skal vere resultatet av eit lite jordskjelv for om lag 800 millionar år sidan, hundre millionar år etter at sjølve pegmatitten vart danna!

-Symposiet har gitt deltakarane nyttig og interessant informasjon om fjellområda våre med deira spennande pegmatittar og mineralar, seier Kjell Gunnufsen.



Ekskursjonsleiar Axel Müller orienterer om pegmatitten i Solås gruve.

Tre gonger så dyrt som gull!

Visste du at prisen på thortveittitten, mineralet som vart funne i Iveland i 1911, ei stund hadde ein pris som var tre gonger høgare enn gull?

Av Sigurd Haugsgjerd

Gruvedrifta i Evje og Iveland har lange tradisjonar heilt tilbake til vikingtida. Det var likevel først på 1800-talet at verksemda fekk så mykje å seie internasjonalt.

-Det begynte med Flåt nikkelgruve i Evje. På det meste var dette den største nikkelgruva i Europa. Og

då Evje Nikkelverk begynte å bruke "krystallkvarts" i smelteprosessen, blei det straks starta fleire hundre gruver i Evje-Iveland for å ta ut kvarts, og seinare også feltspat og ein del andre mineral, fortel Kjell Gunnufsen, ein av omvisarane under ekskursjonen i Iveland for nokre dagar sidan.

Fleire tusen mineralgangar

Rundt Flåt nikkelgruve og langs vegen ned til Øyna i Iveland finst det fleire tusen mineralgangar som geologar kallar "pegmatitt". Dei er lette å få auge på som kvite striper eller gangar i den mørke amfibolitten.

-Slike gangar inneheld store meng-

der rein feltspat, kvarts, glimmer og ei rekke spennende mineral, fortel Gunnufsen.

Til "Fiskå" i byen

Kvarts blei første tida brukt i smelteprosessen for å få ut nikkel frå malmen. Då det var slutt på drifta i Flåt nikkelgruve, blei kvartsen seld til blant anna "Fiskå" i Kristiansand. Det meste av feltspaten gjekk til utlandet til bruk i keramisk og tannbehandlingsindustri.

Nytten var altså stor, men det er likevel alle dei vakre og sjeldne minerala som blei funne under gruve-drifta som har gjort Evje/Iveland-området verdskjent.

Mykje dyrare enn gull

Eit hødepunkt kom alt i 1911 då det vart oppdaga ein verdssensasjon i Iveland. Feltspathandlaren Olaus Thortveit sende ukjende mineralprøver frå ei gruve på Knipane til Universitetet i Oslo. Dei vart identifiserte som "verdens første scandiummineral"! Mineralet fekk namnet thortveittitt etter Thortveit. På 1950/60-talet vart det reine feberer, for amerikanerne skulle ha tak i alt som fanst av thortveittitt. Prisen på dette mineralet var på det meste tre gonger så mykje som gull! Andre viktige mineral frå Evje-Iveland var beryll, gadolinit og andre svarte og sjeldne mineral.

Beryll blei brukt som malm til å framstille beryllium, eit svært lett og sterkt legeringsmetall etterspurt i høgteknologien.

Ville saumfare steinrøysene

Gadolinit og andre svarte mineral blei brukt til å utvinne såkalla sjeldne jordartar, ei gruppe metall med veldig spesielle optiske og magnetiske eigenskapar. I dag er teknologien og industrien heilt avhengig av slike sjeldne jordartar som yttrium, cerium, lantan og neodymium. På 70-/80-talet blei minerala i Evje-Iveland veldig populære blant europeiske samlarar. Folk kom hit for å saumfare steinrøysene som låg att etter gruve-drifta.

I dag har det roa seg. Det er mest berre i Li-gruva at det enno blir henta ut noko tannspat. Det er ein svært rein type feltspat som blir brukt til å lage kunstige tenner.